

EMNENR 6.

FYLKE: Rogaland.

EMNE: Folkelege musikinstrument.

OPPSKRIV AV: Anund Ramsfjell. BYGDELAG: Hjelmeland.

ADRESSE: Hjelmeland.

OPPLYSNINGAR AV: Jone Eiane, f. 9/1 877. Lærar.

og Johannes Arneson, f 1864. Skulestyrar.

-----  
Det har nok vore heller lite av spelemenn og musikinnstrument i denne bygda. Noko sermerkt og rikt musik liv i eldre tid veit ingen å fortelja om. Allikevel fanst det nok det ein kan kalla spelemenn radt til uti 1860-70 åra.

På Pundsnes var ein som heitte Andres Nybøen (far til Odd Hagen). På Jelsa var Spele Lars (morbror til Sanna Bjel-land). På Einarvoll var det ikkje mindre enn 3 spelemenn i same tunet, 3 brør. Den eldste han Spel Ola var nok best. Han var gift med syster til gullsmed Munthe. Den yngste var smeden Gudmund Vågen, besrefar til Maria Øsnensen. Jone Askvikbøen var og ein. Når han spela i veitsler 2 "En rigsdag i høiden" då snipla og gret kjerringane. Det var Ivars Ola Steintland som sa det. Ein som heitte Jone Hagen var og god spelemann. Så seint som i 1870-80 veit eg ingen som hadde fela, seier Johs Arneson. Nett på den tid fekk Ola Larsen (GARVAREN) seg ei, han måtte ha 'ne ute på stoveveggen til å byrja med, Stykkmor hans sa: eg veit mest ikkje om me skal våga å ha henne der heller. Slik var det den gongen. Trekkspel var det meir av, dei var mindre fårlege. Og så brukte dei klarinett, ofte ilag med fela når det var bryllaup. Lurar var her iallfall av blick. og bukkahodn og verahodn med 3 holer i brukte dei og. Likeins blekkpipter med 6 holer i nedetter. Halvtonar fekk dei då fram ved å flytta fingrane. Sandnes gauk og munnharpa fanst og. Sigbjørn Obstfelder kom med den fyrste Italienske lergauken (Okarino) i 1884. Dei ymse delene av fela kallast: halsen, hesten, lyd Stolpen



2.

og bogen. Det var i bruk tyske og norske feler (Harding feler), og det er det enno. Far min som var lærar hadde salmodikon, det brukte han i sangundervisninga i skulen. Felene var innfode, Eg kjenner berre ein mann her som har laga fela, ei haringfela. Han heiter Ludvig Munthe (62 år). Form og storleik var som vanlege feler av det slaget. Materialen var av ør, bøk og fura. Stengene var kjøpte. Men på loket har han filt og skore til ein masse skjel-små bitar og lagt inn som mosaik. Den er kunstferdig gjort. Før sette dei fela stødt mot armen når dei spela. No under haka. Ho var mykje brukt til dans i bryllaup o. l. før. No på festar og konsertar. Det var vanleg tru i gamal tid at vondemannen var i fela. No brukast både fela og tekkspel også på oppbyggelege møter. Langeleik var og til før, den brukte dei fjørpenn på. Dei laga seg og lurar av never, og fløyter av selja. No er det i bruk nyare instrument: gitar mandolin, klarinett og trekkspel ganske mykje. Og med det også ny musikk. Av larminstrument er berre kjent maraskrapa til å skrema dyr med. Skapnaden ukjent.